



Referat frå FAU-møte onsdag 22.04.26 kl. 19.00

Møtestad: Auditoriet

FAU-representantar

1A Linda Nesse Nesdal

1B Bertine Frøholm (klassekontakt)
møtte for Iris Beate Egge Kalland.

1C Sille Lukowski

2A Christian Moltu har bursdag, og er
ikkje her. Han får gyldig fråvær.

2B Bjørn Tore Hellesøy

2C Torje Hirth

3A Cathrine Ekehaug

3B Torhild Hjellbakk

3C Alf Helge Bjørk

4A Linda Nesse Nesdal

4B Reidun Hammerset (vara) møtte for
Roy Inge Råheim.

4C Olivia Sunde

5A Hilde Kirkebø

5B Nina Heggestad Skjerven

6A Eli Mari Bakke

6B Rune Johan Soleide

6C Elin Marie Vallestad Mjåtveit

7A Iris Bolset

7B Ida Martine Brede Turøy

Sakliste

1. Tidspunkt for Slåttenveka.

Nokre foreldre har meldt inn at det er vanskeleg å kome på dagtid, til dømes der begge jobbar i helse og har fleire barn på skulen.

Rektor fortel at Slåttenveka er eit innarbeidd og fungerande opplegg, og det er lite protestar på at det er på dagtid. Skulen har fått beskjed om å sende tidspunkt for klassane så tidleg som mogleg, slik at folk kan endre på vaktene sine. Det kan dei gjere enno tidlegare.

Rektor fortel at barna alltid har med seg nokon – foreldre, slekt, besteforeldre. Vi har opplevd få unntakt då tar ein av lærarane med seg barna i kafeen.

2. Trafikk og parkering.

Vi må minne om parkeringsplassen ved Slåtten. I dag er det ikkje bra nok. Dersom ein forlet bilen skal ein parkere på p-plass, ikkje busslomma og langs øyene som står ledig. Det er ein gjengangar, men det er per i dag langt frå godt nok. Folk tar seg til rette.

Korleis kan dette bli betre? Lita idémyldring:

- Sette opp «droppsone» skilt?

Telefon: 57 83 45 00

Løvetann SFO: 48 11 46 75

Skogstjerne SFO: 97 04 30 10

Firkløveren SFO: 47 48 42 89

Rektor:

Ass. rektor:

Ass. rektor:

Dagleg leiar SFO:

Konsulent:

Turid Irene Hatlem

Beth Anita Ramfjord

Bernt Norevik

Johnny Terje Årdal

Kristin Burø

57 61 28 13

57 86 45 02

57 83 45 03

57 61 28 44

57 83 45 00

turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no

beth.anita.ramfjord@sunnfjord.kommune.no

bernt.norevik@sunnfjord.kommune.no

johnny.terje.ardal@sunnfjord.kommune.no

kristin.buro@sunnfjord.kommune.no



- Be dei som har vunne anbod om arbeidet i Angedalsvegen om å ta vekk litt plen og lage til ei droppsone?
- Male kvit strekar for å vise kvar busen skal stå?
- Sett opp skilt der det står i tekst at det ikkje lov å parkere der?
- Kanskje vurdere å ta vekk øyene? Bilane er breiare no enn dei var før då parkeringsplassen vart lagt opp. Er øyene naudsynt?
- Kan trafikkgruppa invitere politet opp, for å sjå på trafikksituasjonen og vurdere om det er noko vi kan merke tydlegare, eller om dei har andre innspel?

Roy Inge følger opp, Bjørn Tore og Turid hjelper.

3. Arbeid i Angedalsvegen nær skulen.

Kan trafikkgruppa finne ut av planar, og identifisere kor vi bør vere på banen for å sikre tryggleiken til skuleborna? Be om å få det tilsendt?

Turid/Roy Inge følger opp.

4. Godteri i skuletida.

FAU har fått meldt inn sak frå foreldre om at ein ønsker forbud mot godteri på skuleavslutningar, på tur, osv.

Ang. skuleavslutningar: Det er stor stas for barna å ha med godteri på skuleavslutning. Det er ikkje mykje ein treng. Skulen kan gjerne vere meir konkrete på kva «litt» betyr, oppmode om å redusere mengden.

Er dei ofte på tur kan dei ikkje ha med sjokolade eller kjeks o.l. kvar gong. Vanleg niste og drikke held lenge, særleg på korte turar. Det må gjerne spesifikt nemnast av lærarane. Kan heller oppmode om å ta med frukt. Kva er god niste? Det står av og til. Det treng ikkje stå. Vanleg niste er godt nok.

Det er kake på karneval, godteri på sommaravslutning, kake på Slåttenveka og godteri på juleavslutning. Det blir jo ein del ila året, i tillegg til private ting. FAU vil at skulen skal oppmode om måtehold, og tydelege meldingar, og meir lik praksis på tvers av trinn og klassar.

Nistene, både til kvardags og tur, skal vere utan kaker, muffins og kjeks. Ungane samanliknar si niste med andre. Rektor skal be lærarane følge med i klassen, og ta tak i det der det gjeld. Så må alle vere tydelege i meldingane.

Kan ha kosthald som eit punkt på foreldremøtene til hausten, som ei bevisstgjerung. Vi kan også vurdere foredrag med ernæringsfysiolog.

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Beth Anita Ramfjord	57 86 45 02	beth.anita.ramfjord@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Ass. rektor:	Bernt Norevik	57 83 45 03	bernt.norevik@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Dagleg leiar SFO:	Johnny Terje Årdal	57 61 28 44	johnny.terje.ardal@sunnfjord.kommune.no
		Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no



5. Informasjon frå Skjermgruppa om kommentarar som kom inn gjennom foreldreundersøkinga 2026.

Skjerm under måltid og på SFO

Skjermgruppa får framleis henvendingar frå foreldre om skjerm under måltid. Rektor har snakka med personale, og det er framleis slik at enkelte ser på skjerm i matpausen. SFO har derimot tatt grep, og ser lite skjerm (kun ved unntak).

FAU minner om skjermråda til Helsedirektoratet, som seier «unggå skjerm under måltid» for aldersgruppa 6-12 år. FAU blei spurt om dei meiner skjerm i matpausen ein gang i veka er for mykje. Det meiner dei er for mykje.

FAU ønsker at skjerm i matpausen er unntaket, og ikkje vanen. Dette er i tråd med direktoratet og regjeringa sine anbefalingar. FAU peikar også på fleire innstrammingar om skjermbruk i 1. til 4. trinn som kjem til hausten.

Heller ha stillheit akkurat når dei et, så dei får litt stillheit i ein dag full av stimuli. Kafé med kvarandre er også fint. Det har stor verdi å øve på smalltalk, dei treng det når verda er så digital. Mange elevar klarer heller ikkje ete når skjermen distraherer. Skjerm og mat høyrer ikkje saman, sjølv om innhaldet er positivt/lærerikt. Det må ein heller ta i timane. Ungdomsskulen lar heller ikkje elevane sjå på skjerm i matpausen.

Turid tek dette vidare med personale, og sender ei oppdatering til FAU etterpå.

Filter/sikkerheit på skjermene som blir brukt på skulen

Det har vore mykje mediemerksomd på overgrep som skjer på skuleskjermer i haust og vinter, og barn som går inn på innhald dei ikkje bør på skuleskjermer. Fleire foreldre har henvendt seg til skjermgruppa om dette. Fleire har dømer på elevar som har sett både distraherande og upassande innhald på skuleskjermane.

Kva er tryggleikssystema har nettbrett og PCar på skulen? Dei nye skjermråda seier at barn i alderen 6-12 år ikkje skal ha tilgang til internett utan oppsyn. Har dei digitale einingane gode nok filter?

Skulen er ikkje sikre på om dei er gode nok, og har sendt spørsmål til SysIKT. Turid sender ei oppdatering til FAU om dette. Skjermgruppa følger opp.

Foredrag Maja Lunde 3. juni

FAU må oppmode foreldre i klassane om å kjøpe billett. Lærarar bør også komme. FAU på Slåtten, Sunde, Flatene og Førde barneskule er medarrangør, og vil helst prioritere at foreldre her får komme.

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Beth Anita Ramfjord	57 86 45 02	beth.anita.ramfjord@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Ass. rektor:	Bernt Norevik	57 83 45 03	bernt.norevik@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Dagleg leiar SFO:	Johnny Terje Årdal	57 61 28 44	johnny.terje.ardal@sunnfjord.kommune.no
		Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no



Cathrine og Turid sørger for at beskjed går ut i Visma

Årets foreldremøter og anna

Vi opplever veldig god respons frå foreldra etter foreldremøta – mange gir tilbakemelding om at arbeidet treff godt og opplevast oppdatert og relevant. Ein PDF av foredrag + referat frå diskusjonane i klassen blir ferdigstilt snart, og kan sendast ut i Visma. Arbeidet spreier seg også vidare i kommunen. Fleire skular i Sunnfjord har teke i bruk opplegget vårt.

6. Ymse

Slåtten skule på kveldstid

FAU oppmodar foreldre om å gå innom Slåtten når ein går kveldstur eller er ute og lufte hunden. Skulen har eit fint uteområde, som vi gjerne vil behalde som trygt og godt for elevane og alle. Det har vore gjort ymse funn ved skulen etter at den har fått besøk av ungdommar på kveldstid.

Trivselsleiar

Rektor orienterer om trivselsleiar-prosjektet. Slåtten får vere med resten av året gratis, så har kasta seg på. Det innebærer skulering av elevar og tilsette som har ansvar for aktivitet i friminuttet. Lærer dei nye leikar, lærer dei korleis dei inkluderer i leik, korleis dei er inkluderande når dei velger lag osv. Dei som velgast ut blant elevane (5. og 6. trinn) får nokre goder sidan dei må ofre eit storefri i veka for å organisere andre. Får rabattar på bowling, ski osv.

Cathrine Ekehaug
Referent

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Beth Anita Ramfjord	57 86 45 02	beth.anita.ramfjord@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Ass. rektor:	Bernt Norevik	57 83 45 03	bernt.norevik@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Dagleg leiar SFO:	Johnny Terje Årdal	57 61 28 44	johnny.terje.ardal@sunnfjord.kommune.no
		Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no